



Ordføreren fekk overlevert ein oversikt med 14 tiltak som treng oppfølging fram til ei løysing.

**I ein valperiode då Uskedalen ikkje har folkevalde representantar i K.styre, formannsskap, råd og utval er det viktig med eit tett og godt samarbeid med Kvinnherad kommune. Det var bakgrunnen for at styret i Uskedal utvikling møtte ordførar, Peder Sjø Slettebø, i dag til drøfting om sentrale tiltak i arbeidet med utvikling og vekst i bygda. Ordføreren gav seg god tid og fekk med seg ei liste med 14 punkt av saker som treng oppfølging.**

Dei 14 punkta gjeld å store trekk:

- Sentrumsutvikling
- Plan og arealbruk
- Trafikksikring og fartsdempande tiltak gjennom sentrum og på Kjærlandssido
- Eldrebustader, bufellesskap og kommunale bustader i Uskedalen
- Pæringssbehovet ved skule/barnehage
- Tilpassingar av arearbruk v/ infortavle og plen ved Gamleksulen
- Prosjektet :Betre infrastruktur fjellklatrarar, elvefiskarar, turgåarar øvst i dalen
- Kommunalt vedlikehald av grusa veg Friheim - Fjellandsbø
- Eigedomsskatt på verk og bruk - minikraftverk

Ordføreren lova å sjå på kva som kan gjerast for å finna gode løysingar. Det er truleg trong for eit oppfølgingsmøte på nyåret, særleg i samband med rullering av Kommunedelplanen. Levekårskomiteen er eit sentral råd som skal ta tak i det som går på kommunale bustadar. Her må Uskedalen på banen med merknader og innspel.

Uskedale utvikling vil få fram at den kontakten du som utbyggjar eller privatperson har med kommunen, må halda fram som før. Uskedal utvikling er høringspart i viktige saker og har som oppgåve å driva

bygdeutvikling, vera ein dørøpnar og sjå heilskapen i mange små, men viktige saker.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal